

Forskrift om skulefritidsordninga for Fyresdal kommune.

Heimel: Fastsett av **[Fyresdal kommune organ] [dato]** med heimel i Opplæringslova § 4-5 femte ledd.

~~SFO skal vere eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den vanlege skuledagen for 1. t.o.m. 4. klasse, og for barn med særskilte behov i 5. t.o.m. 7. klasse.~~

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilte behov for 1. – 7. årstrinn.

SFO skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal få gode utviklingsvilkår.

§ 1. Eigarforhold

Fyresdal kommune er eigar og drivar av SFO.

§ 2. Opptaksmyndigheit

Hovudopptak av barn **og opptak til plass som vert ledig i løpet av året** skjer administrativt. Opptaksansvarleg er rektor ved Gimle skule, leiar i SFO **og konsulent i sektor for kultur og oppvekst** sakshandsamar frå oppvekstkontoret.

Formannskapet er klageinstans.

§ 3. Opptakskriterium

Alle som søker innan fristen skal få plass.

§ 4. Opptaksperiode, oppseiing og endring

Hovudopptak blir gjort ein gong i året og skjer etter søknadsfrist 15. mars.

Søknad om SFO -plass, endring og oppseiing utførast via Visma Flyt Skule sin føresettportal. ~~Det skal søkjast på elektronisk skjema. Dette finn de på heimesida til kommunen. www.fyresdal.kommune.no~~

Barn som får plass i SFO, får behalde plassen til dei byrjar i 5. kl. Ynskjer ~~føresette~~/foreldre å endre eksisterande tilbod, eller søkjast det om heilt ny plass utanom hovudopptaket er frist for dette den 1. i kvar måned. Dersom ein får endra tilbodet, gjeld endringa frå den 1. påfølgande måned. Frist for oppseiing av heile plassen er den 1. i kvar måned. Det er ein månads oppseiingstid og ein betalar for plassen i oppseiingstida. Oppseiinga må vera skriftleg. Foreldre som skal ha barna sine på SFO neste skuleår, kan i regelen ikkje seie opp plassen bare for sommarferien.

Om brukarar seier opp plassen etter 1. april, må dei betale fullt ut for resten av skuleåret. Dette gjeld ikkje ved flytting frå kommunen.

§ 5. Foreldrebetaling

~~Alle elevar på 1. til 3. trinn med plass på skolefritidsordninga, skal få 12 timer gratis skolefritidsordning per uke. Dette går fram av opplæringsforskrifta § 2-2. Elevar på 5. til 7. trinn med særskilde behov skal få tilbod om gratis skolefritidsordning. Dette følgjer av opplæringsforskrifta § 2-3. Etter opplæringsforskrifta § 2-4 skal kommunen redusere foreldrebetalinga for skolefritidsordninga på grunn av låg inntekt.~~

SFO vert driven med inntekter frå staten, kommunen og foreldra. Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Satsane for eigenbetaling justerast administrativt i samsvar med dei til ei kvar tid vedtekne satsane.

Ved ei eventuell endring av organiseringa av skuledagen på Gimle, timesats eller vedteken opphaldstid i SFO, får administrasjonen fullmakt til å endre dagsatsane per måned. Moderasjonsordningane er i tråd med nasjonale føringar og politiske vedtak.

Reduksjon i foreldrebetalinga vert ikkje gjeve med tilbakeverkande kraft, men frå og med fyrste heile månad etter at søknaden er motteke.

Betaling gjeld for 10 månadar i året, frå 15. august til 15. juni. Det vert ikkje gjeve fråtrekk for fråvær eller dei dagane SFO er stengt. Utgifter til mat kjem i tillegg til opphaldsbetalinga.

Syskenmoderasjon med 30 % reduksjon for andre barnet og 100 % reduksjon for tredje og påfølgjande barn. Gjeld både barn i barnehage og SFO.

Det er dei som har eit SFO tilbod til vanleg, som kan søkje om plass i sommarferien og andre feriar.

Ved ledig kapasitet, kan dei som har plass i SFO søkje om ekstradagar. Dette må avtalast seinast dagen før i Visma. Tilbod heile dagar, ekstra dagar, dagar utover dei du betaler for i månadsabonnementet blir fakturert i tillegg til abonnementet.

SFO utover fast tilbod, blir fakturert pr. time to gonger i året. Det vert sendt purring på ubetalte rekningar. Ikkje innbetalt plassbetaling kan det medføre at plassen blir oppsagt. Ved og ikkje meldt fråvær over 50% kan føre til at plassen bli sagt opp. Viktig å ansvarleggjere føresette om å gje beskjed når barnet ikkje kjem på SFO.

Det er høve til å fakturere eit gebyr når opphaldstida ikkje blir halden

§ 6. Leike- og opphaldsareal

Lokala til SFO skal vera eigna til verksemda. Det skal vera gode vilkår for leik både ute og inne.

SFO held til i skulen sine lokalar og har høve til å bruke ulike rom, samt skulen sitt uteområde og nærmiljø for leik og aktivitetar.

§ 7. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Plikta til å ha skolefritidsordning gjeld berre i skuleåret, og for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn.

SFO er eit abonnement på 10 månader som følgjer skuleruta. SFO er open måndag, tysdag, torsdag og fredag før og etter skuletid mellom kl. 07.00 – 08.10 og 14.00 -16.30. Onsdag, som er skulefri, er SFO open heile dagen, kl. 07.00 – 16.30.

SFO skal gje eit tilbod gjennom heile året. SFO er stengt laurdag, sundag, helge- og høgtidsdagar, irekna jole- og nyttårsaftan. Andre skuleferiar (haust-, vinter-, påske- og sommarferie) må vi ha skriftleg tilbakemelding om ein vil nytte tilbodet med underskrift av føresette.

SFO er stengt på skulen sine planleggingsdagar.

SFO held ope onsdag før skjærtorsdag til kl. 12.00.

Barna må ha 4 veker ferie i løpet av skuleåret. 3 av desse vekene skal vere samanhengande i sommarferien (medio juni-medio august).

§ 8. Personale og leing

Rektor på Gimle skule er har det pedagogisk faglege og administrativ leiar ansvar. Rector fastset organisering og bemanning av SFO. Organiseringa skal sikre samheng og samarbeid mellom skule og SFO og god fagleg og praktisk drift. Samarbeidsutvalet er det rådgivande og samordnande organ. Administrasjon av SFO er lagt til sakshandsamar ved oppvekstkontoret. SFO-ansvarleg for dagleg drift utøver den daglege drifta av SFO.

SFO-leiar har ansvar for dagleg drift av SFO.

Norma for bemanning er 1 vaksen pr. 1-10 (max.13) barn, dette er avgjort kommunalt ut frå lokale forhold og behov, jamfør opplæringslova §13-7, Ot.prp nr. 60.

Bemanningsnorm er 1 vaksen på 15 barn.

Personalet ved SFO vert rekna ut frå antall elevar, samansetning og opphaldstid. I tillegg til SFO-leiar har SFO ei grunnbemanning på minst ein vaksen per 15 barn. Skulefritidsordninga skal ha tilstrekkeleg bemanning slik at formålet med SFO blir oppfylt

§ 9. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft [dato].

[Vedtekter for Fyresdal skulefritidsordning, vedteke i kommunestyret, sak 21/2022 dato 24.03.22 er oppheva.]